



Alver kommune v/Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 05d8021c-c4c5-4cfd-ae82-
d3a3930021d3
Vår: 22/8897 - 22/98206

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

29.12.2022

Gbnr 49/2 Fjellsbø søndre - uttale kultur

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om oppføring nytt våningshus, lager/ garasje og eit sarhus på gbnr 49/2 Fjellsbø søndre, og utsett uttalefrist til 16. januar. På bruket står det allereie eit samanbygd anlegg med våningshus, løe og flor. Området er i kommuneplanen omfatta av omsynssone for friluftsliv H530.

Samanbygde anlegg, der rom med ulik funksjon var samla under eitt tak, var vanleg i vårt distrikt heilt attende til jernalderen. Det finst mange ulike variantar av slike bygg. Nokre av dei, som t.d. Bogatunet var sett saman av bygg som eldhus, røykstove, bu og loft, medan andre, som det på Fjellsbø, var sett saman av våningshus, løe og flor.

I dag er det svært få slike samanbygde anlegg att i vårt distrikt. Av typen med samanbygd hus og løe veit me i Alver kommune, i tillegg til dette på Fjellsbø, berre om eitt anlegg på Helland på Radøy, eitt på Tveit på Holsnøy, eitt på Skotsund samt tre husmannsplassar. Dette gjer at slike samanbygde anlegg har svært høg kulturminneverdi og bør bevarast.

Den aktuelle søknaden gjeld oppføring av våningshus, lager/garasje og sarhus og råkar såleis i utgangspunktet ikkje ved det samanbygde anlegget utover at omgjevnadane vert endra. Me vil likevel peika på at det samanbygde anlegget bør bevarast og at det difor ikkje må stillast krav om riving av dette bygget. Eit nytt våningshus på eigedommen må heller ikkje vera til hinder for å ta i bruk våningshuset i det samanbygde anlegget til bustadføre mål, fritidsbustad eller liknande.

Føresegnene for omsynssone H530 seier: «Sona omfattar område som har særleg verdi for friluftsliv. I desse områda skal landskaps- og friluftsiinteressene prioriterast og vektleggjast tungt ved planlegging, handsaming av søknadar og gjennomføring av tiltak i områda. Innanfor sonene vert det ikkje tillate tiltak som kan hindre tilgang til og bruk av området til friluftsliv, eller redusere eksisterande tilstand, kvalitet og opplevingsverdi på anna vis.»

Det meste av området er i Gardskart registrert som overflatedyrka jord og innmarksbeite, og me kjenner ikkje til at det er vegar eller stiar som fører til utmark over denne delen av eigedommen som vert bygd ned. Vår vurdering er såleis at ålmenta ikkje har ferdselsrett i det aktuelle området etter friluftsliva § 2, 3 og 3a, med unntak av på eksisterande tilkomstveg som går vidare til gbnr 49/1. Me kan såleis ikkje sjå at tiltaka hindrar

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

tilgang til og bruk av området til friluftslivføremål. Me kan heller ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka reduserer kvaliteten eller opplevingsverdien for friluftslivet i området.

Med helsing
Alver kommune, Kulturutvikling, idrett og
frivillighet

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune v/Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG